



Landbruksoppgåver i kommunane 2024 - forvaltning av statlege tilskotsordningar, forventningar og fullmakter

29.01.2024

Statsforvaltaren i Vestland vil med dette orientere kommunane i Vestland om det ansvaret kommunen har for forvaltning av statlege tilskotsmidlar og økonomiske rammer for tilskotsordningane.

Dette brevet omhandlar:

1	Særlege føringar for Statsforvaltaren i Vestland	2
1.1	Kommunalt handlingsrom gjennom kommunale retningslinjer	2
1.2	Rettleiande satsar for eigeninnsats	3
1.3	Skogbruksoppgåver i kommunen	3
1.3.1	Overordna retningsliner for tilskot til skogbrukstiltak	4
1.3.2	Tilskot til skogkultur	4
1.3.3	Tilskot til skogsvegar	4
1.3.4	Tilskot til taubane	4
1.3.5	Skogsamling våren 2024	5
1.4	Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) – prioriteringar for 2024	5
1.5	Tilskot til tiltak i beiteområde	5
1.5.1	Lokal retningslinjer for tilskot til tiltak i beiteområde	5
1.5.2	Beitebruksplanar	6
1.6	Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap	6
2	Andre landbruksbruksoppgåver	7
2.1	Forvaltnings av regelverket for fast eigedom	7
2.2	Landbruksrelatert nærings- og bygdeutvikling	7
2.3	Veterinære tenester	7
2.4	Tidlegpensjon for jordbrukarar	8
2.5	Tilskot ved produksjonssvikt – klimabetinga skade på avlingar	8
2.6	Autorisasjonsbevis for bruk av plantevernmiddel og gnagarmiddel	8
2.7	Arbeid med vasskvalitet og vassrammedirektivet	8
2.8	Forskrift for godkjenning av landbruksvegar, dyrking og planering	8
2.9	Jordvern	10
3	Rapportering undervegs og omfordeling av midlar	10

4	Generelt om forvaltning av tilskotsordningane og ansvarsdelinga	11
4.1	Forvaltning av statlege tilskotsmidlar	11
4.2	Aktørar og ansvarsdeling	11
5	Mål, rammer og føringar for kvar enkelt tilskotsordning	12
5.1	Tilskot til avløyning ved sjukdom mv.....	12
5.2	Produksjonstilskot og avløyartilskot i jordbruket.....	13
5.3	Tilskot til tettare planting, gjødsling og ungsogpleie som klimatiltak.....	13
5.4	Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK).....	14
5.5	Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.....	14
5.6	Tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket.....	14
5.7	Tilskot til drenering av jordbruksjord.....	15
5.8	Tilskot til tiltak i beiteområde	15
5.9	Tilskot til Utvalde kulturlandskap i jordbruket, Vestnorsk fjordlandskap	16
6	Oppfølging og kontroll	16
6.1	Internkontroll hos kommunen som tilskotsforvaltar.....	16
6.2	Krav til kontroll med vedtak og utbetaling	17
6.2.1	Krav til kontroll med vedtak - budsjett disponeringsmynde	17
6.2.2	Krav til kontroll ved utbetaling - attestasjon	18
6.2.3	Arbeidsdeling	18
6.2.4	Krav til dokumentasjon	18
6.3	Kontroll av informasjon frå tilskotsmottakar.....	18
6.4	Tildeling og kontroll med tilgangar til fagsystema.....	19
6.5	Rapportering om svakheit og brot på sikkerheit	19

1 Særlege føringar for Statsforvaltaren i Vestland

1.1 *Kommunalt handlingsrom gjennom kommunale retningslinjer*

Kommunen har eit stort lokalt handlingsrom i forvaltning av SMIL-midlar, Tilskot til tiltak i beiteområde og NMSK. Dette krev at kommunen har eigne retningslinjer eller strategidokument. Vi forventar at alle kommunane har fått på plass eigne retningslinjer, og at dei vert revidert med jamne mellomrom.

Dei kommunale retningslinjene skal ta omsyn til lokale forhold, og ved utarbeidinga bør det vere ein god prosess med innspel frå næringa og Statsforvaltaren. Dette kan med fordel vere ein felles prosess med felles retningslinjer for alle tre ordningane. Retningslinjene bør utformast slik at kommunen kan nytte dei som grunnlag for sine prioriteringar i sakshandsaminga, og slik at tildelingane kan kontrollerast. Vi viser også til vår rettleiing til kommunane for utarbeiding av

overordna retningslinjer som ligg ute på vår nettside under [For kommunane - landbruk](#). Vi ber om å få tilsendt nye retningslinjer når dei er reviderte.

1.2 *Rettleiande satsar for eigeninnsats*

Vi har samrådd oss med Innovasjon Norge og rår til at kommunen nyttar desse satsane når de godkjenner kostnadsoverslag for eige arbeid som grunnlag for tilskot i ulike ordningar:

- Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag o.l.): 350 kr/time
- Bruk av eigen traktor/gravemaskin: 800 kr/time

1.3 *Skogbruksoppgåver i kommunen*

Kommunen er skogbruksstyresmakt etter skogbrukslova med tilhøyrande forskrifter, og har ei rekke oppgåver på skogområdet. Føremålet med skogbrukslova er å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.

Her nemner vi nokre av oppgåvene:

- Vere pådrivar og jobbe aktivt for næringsutvikling i skogbruket ved å motivere og følgje opp skogkulturtiltak så vel som bygging av skogsvegar, bruk av skogfond, lokal vidareforedling, nabosamarbeid, og andre emne som bidreg til verdiskaping i skogbruket.
- Forvalte tilskot til nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK), som omfattar tilskot til skogkultur, skjøtsel og kvalitetstiltak, miljøtilskot samt tilskot til skogsvegar og drift i vanskeleg terreng. Statsforvaltaren fordeler ei årleg tilskotsramme til kommunane.
- Kommunane må fortløpande kartleggje behovet for nye skogsvegar og ombygging av gamle vegar. Dei skal vere initiativtakar til skogsvegsamarbeid og informere skogeigarane om lønsemda i å byggje felles veganlegg samt dei gunstige finansieringsordningane (tilskot og skogfond).
- Kommunen får tildelt ei tilskotsramme tilpassa det behovet dei melder inn i november året før. Frå og med i år skal kommunane nytte «vegbanken i ØKS» som budsjetteringsverktøy for søknader som ikkje får løyving etter årets rammetildeling. Vi ber kommunane rydde opp i og **avslutte** gamle vegsøknader som har ligge mange år i ØKS, jamfør [budsjetteringsreknearket](#) vi tidlegare har sendt ut.
- Vi held att midlar til tilskot til drift i vanskeleg terreng hjå oss og fordeler dei etter behov. I prinsippet er det fri ramme inntil midlane er brukt opp.
- Kontrollere forynging av skogen etter hogst (NMSK-kontroll, foryngingskontroll og resultatkartlegging). Dette er den viktigaste miljøoppgåva i skogbruket både med tanke på skogen si rolle med å binde karbon og som framtidig skogressurs.
- Kommunane må legge vekt på å synleggjere skogen sitt verdiskapingspotensiale mellom anna ved å ta initiativ til og delta på skogdagar og andre fagarrangement, både retta mot skogeigarar og ålmenta.
- Forvalte og informere om skogfond. Gje løpande råd til einsskilde skogeigarar med bakgrunn i inneståande beløp, udekkta investeringar og hogstaktivitet. Aktiv bruk av skogfond gjev økonomisk utteljing for skogeigarane.
- Kontrollere at tiltak i skogen er i samsvar med regelverket, og bidra til å overvake tilstanden i skogen.
- Bidra med kunnskap om skogen i forhold til andre samfunnsinteresser og oppgåver, skogen si rolle i klimapolitikken, skogen si rolle som vern mot naturskade og skogen sin verdi for friluftsliv, viltforvaltning m.m.

- Kommunen vert oppmoda om å lage ein oversikt med dei mest verdfulle skogbruksområda i kommunen (kjerneområde skogbruk). Sjå [døme](#) på Fylkesatlas! Karta er laga med utgangspunkt i dei kommunale tiltaksplanane for skogbruk. Slik er det mogleg å synleggjere skogen si samfunnsrolle (næring, i plansamanheng og arealbruksspørsmål, klima, naturskade, friluftsliv, viltforvaltning).
- Vi oppmodar også kommunane til å gå gjennom og oppdatere hovudplanane for skogsvegar

1.3.1 Overordna retningslinjer for tilskot til skogbrukstiltak

Det skal lagast overordna retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal lagast i dialog mellom Statsforvaltaren, kommunane og næringsorganisasjonane i skogbruket lokalt. Ut over dette gjeld forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

1.3.2 Tilskot til skogkultur

Vi har same nivå på tildeling av skogkultur i år som i fjor. I fjor gjekk nærare 80 % av midlane til nyplanting, resten fordelt på suppleringsplanting, markriving og ungsogpleie. Det er eit møte med næringsaktørane 05.02.2024 som vil gje innblikk i planlagt aktivitet i 2024. Tilgangen på planter vil vere styrande for aktiviteten. Suppleringsplanting har i år som i fjor eit sentralt tilskot på 40 %, men det er sett eit tak på inntil 75 planter per dekar. Vi tek kontakt med kommunane for å sette saman koder i ØKS til dette føremålet.

1.3.3 Tilskot til skogsvegar

Vi har lite midlar i år og vi har berre delvis klart å oppfylle kommunane sine ønskje. Vi ber kommunane om å redusere tilskotssatsen til 50 % tilskot til skogsbilvegar der det kan hoggast mykje, og stimulere skogeigarane til å nytte skogfond til å dekkje eigendelen. Vegar der det er relativt lite hogstmoden skog bør ikkje byggast før det er nok hogstmoden skog til at eit fleirtal av skogeigarane sin eigendel kan dekkast med skogfond. Gran på bonitet G23 er hogstmoden ved 70 år.

1.3.4 Tilskot til taubane

Taubanetilskotet vert tildelt til kommunane etter kvart som behovet oppstår. Vi har i samråd med dei andre «taubanefylka» kome fram til *ein felles variabel tilskotssats* til taubanedrifter. Tildeling av tilskot føreset at den nye [taubanekalkulatoren](#) vert nytta til fastsetting av driftspris (og eventuelt justert av skogeigar og tømmerkjøpar) og at det ikkje vert gjeve tilskot til skog som ikkje er hogstmoden. Merk at vi også oppdaterer rettleiinga vår for overordna retningslinjer i kommunane med dei nye satsane og meir utførlege føresegrar.

Ny tilskotssats vert rekna ut etter den rettlinja funksjonen $f(x) = -0,7 \times \text{rotnetto} + 200$

Eller: $\text{tilskot per m}^3 = -0,7 \times (\text{tømmerverdi-driftskostnad}) + 200$

Tilskot kan også reknast ut i [dette reknearket](#)

Tilskotet har ein øvre grense på kr 300 per m³, sjå tabellen under for tilskot ved ulik rotnetto.

rotnetto (kr/m ³)	-140	-120	-100	-80	-60	-40	-20	0	20	40	60	80	100	120	140	160	180	200	220	240
tilskot (kr/m ³)	298	284	270	256	242	228	214	200	186	172	158	144	130	116	102	88	74	60	46	32

Tabell som viser utrekna tilskot. Rotnetto = tømmerverdi minus driftskostnad.

I tillegg held vi att midlar til felles overordna skogsvegplanlegging (områdeplanlegging/transportplanlegging). Slik planlegging vert utført av Skogselskapet i Sogn og Fjordane og Fanagro. Dette skal vere gratis for skogeigarane. Det betyr at kommunane ikkje skal løyve pengar til overordna vegplanlegging. Detaljprosjektering (sticking) skal finansierast av tiltakshavarane på kvart enkelt veganlegg og er ein del av tilskotsgrunnlaget.

1.3.5 Skogsamling våren 2024

Vi inviterer til skogsamling i Ullensvang 14. – 15. mai. Invitasjon er sendt ut.

1.4 Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) – prioriteringar for 2024

Miljø- og klimasatsinga over jordbruksavtalen skal medverke til å ivareta kulturlandskapet og redusere miljøbelastninga frå landbruket. Landbruks- og matdepartementet (LMD) har peika på at det i Vestland er overvekt på kulturlandskapstiltak i fordelinga mellom ulike miljøtema i SMIL. LMD ønskjer difor at ein større del av tilskotsramma skal nyttast til forureiningstiltak. I fleire vassførekomstar er det behov for tiltak for å redusere avrenning og risiko for avrenning frå jordbruksdrifta. Vi oppmodar kommunen til å ta tak i desse utfordringane av omsyn til vasskvalitet, klimatilpassing og ressursbevaring. Der behova er store bør kommunane prioritere klimatilpassing, herunder hydrotekniske tiltak.

Vi minner om at tilskot til tak over eksisterande gjødsellager er gode miljøtiltak som medverkar til redusert ammoniakkutslepp til luft. Som tilleggseffekt vil slike tiltak auke lagerkapasiteten slik at husdyrgjødsel kan bli spreidd til rett tid i vekstsesongen, og medverke til redusert fare for avrenning til vatn.

I neste revisjon av dei kommunale overordna retningslinjene vil vi oppmode kommunar som ikkje allereie har gjort dette om å ta inn desse tiltaksgruppene som prioriterte tiltak. Vi ønskjer òg at kommunane gjer søkjarane særskilt merksame på at dei kan søkje om tilskot til slike tiltak. Vi minner samstundes om vår [nettsak](#) på dette temaet.

Vi ber òg kommunane om å vektlegge tiltak for ville pollinerande insekt og truga natur.

1.5 Tilskot til tiltak i beiteområde

Det er fleire tilskotsordningar som skal fremme beiting og bruk av utmarka: støtte per beitedyr gjennom produksjonstilskot, driftstilskot til beitelaga gjennom organisert beitebruk (RMP) og investeringsstøtte til tiltak i beiteområde.

For beitelag som beiter i CWD-området er det ei eiga ordning med midlar for ekstraordinære tiltak knytt til soneforskrifta. Denne gjeld for Nordfjella og Hardangervidda, og midlane vert forvalta av Statsforvaltaren i Oslo og Viken i samarbeid med oss.

I tillegg har Statsforvaltaren midlar for tiltak i beiteområde som har konflikt med freda rovvilt (FKT-midlar). Det er viktig at kommunen bidreg aktiv med kunnskap i område med freda rovvilt og at kommunen også vurderer bruk av interkommunale jaktlag som etter løyve kan ta på seg felling. For beitelag som har tap til freda rovvilt kan det vere aktuelt å [søke om FKT-midlar](#), til dømes til elektronisk sporingsutstyr. Søknadsfristen er 15. februar.

1.5.1 Lokal retningslinjer for tilskot til tiltak i beiteområde

I rundskrivet frå Landbruksdirektoratet står det at kommunane skal fastsetje lokale retningslinjer, og at ein gjerne kan sjå desse i samanheng med retningslinjene for SMIL.

Det er viktig å få lyst ut midlane i god tid før beitesesongen, og vi rår til å bruke søknadsfrist 1. mars. Beitelaga bør få svar på søknaden før 1. juni slik at tiltaka kjem til nytte i årets beitesesong. Frå 2020 har driftstilskotet gjennom RMP til beitelaga auka, og beitelaga kan difor sjølv ta ansvar for mindre tiltak. Vi rår til at kommunen prioriterer investeringar i utarbeiding av beitebruksplan, faste

installasjonar eller teknologi knytt til beitebruk. Mindre tiltak og lett omsettelege varer bør ikkje støttast.

Døme på aktuelle tiltak er:

- Beitebruksplan
- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer dimensjonert for dyr og folk
- Sperregjerde for å sikre at dyr ikkje kjem inn i farleg område
- Gjetarhytter/sankehytter
- Elektronisk overvakingsutstyr

Hugs å be om naudsynte vedlegg til søknaden slik som kart og aktuelle avtalar.

1.5.2 Beitebruksplanar

Ein beitebruksplan er ein systematisert presentasjon av beiteareala i kommunen. Den skal dokumentera omfang og verdi av noverande bruk, vise til historisk bruk, og estimat for framtidig bruk. Det er eit politisk vedteke plandokument for å styrke beitenæringa sine interesser i den langsiktige planlegginga i kommunen. Den skal påvise juridiske problemstillingar, interesser og konflikhtar for området, og foreslå tiltak som kan gjerast på kort og lang sikt. Husdyr og beiting er også viktig får å ha eit ope og tilgjengeleg landskap i utmarka.

Vi ynskjer at fleire kommunar lagar beitebruksplanar for å sikre fortsatt beiting. Dette kan med fordel gjerast i samarbeid mellom kommunen, beitenæringa og Nibio. I Vestland har Nibio utført vegetasjonskartlegging i nokre referanseområde, og det kan kartleggast nye område som grunnlag for ein beitebruksplan.

1.6 Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap

Dei aktuelle kommunane får tildelt ei økonomisk ramme frå Statsforvaltaren til forvaltning av UKL-områda (sjå tabell). Grunna reduserte løyvingar over jordbruksavtalen har alle fylka fått reduserte rammer samanlikna med 2023. Vestland har ei totalramme på 3 250 000 kroner i 2024. Heile ramma er fordelt til UKL-områda i fylket, og er rekna ut på grunnlag av dialog med kommunane i samband med årsrapporteringa i november 2023, og vurderingar av følgjande moment:

- gjennomføringsevne, framdrift og oppnådde resultat i områda
- arealet på områda, omfanget av tiltak og tal eigarar/drivarar
- variasjonar i behova frå år til år
- omsynet til føreseieleg økonomi og kontinuitet
- planar i områda
- innmeldte behov frå dei aktuelle kommunane

Vi vil følgje med på forbruket av midlar i kommunane gjennom året for å sikre at forvaltninga av midlane fremjar aktivitet. I dialog med kommunane kan vi, i løpet av året, omfordele udisponerte midlar mellom kommunane.

Tildelinga i 2024 til Landbrukets verdsarvordning over jordbruksavtalen er på totalt 9,5 mill. kroner, der 3 millionar er sett av til Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden. Vi ventar i tillegg at det i supplerande tildelingsbrev, som kjem seinare i år, vert sett av midlar frå Klima- og miljødepartementet til ordninga.

2 Andre landbruksbruksoppgåver

2.1 Forvaltnings av regelverket for fast eigedom

Kommunane skal fatte vedtak etter jord- og konsesjonslova. Det gjeld til dømes saker om deling av landbrukseigedom, omdisponering av dyrka jord, driveplikt, konsesjon for kjøp av fast eigedom, buplikt m.m. Dette er saker som ofte er innom politiske handsaming i kommunen, avhengig av kommunen sitt delegeringsreglementet. Vi minner om at det frå 07.07.2023 er Statsforvaltaren som har mynde til å avgjere søknader om konsesjon frå aksjeselskap etter konsesjonslova. Søknaden skal framleis setjast fram for kommunane. På våre nettsider ligg det [ei rettleiing](#) som utdjupar korleis kommunane skal utgreie saka.

Kravet om [driveplikt](#) for jordbruksareal gjeld for alle som eig ein landbrukseigedom, og dette gjeld for heile eigartida. Dersom andre skal drive eigdommen er eigar ansvarleg for å få på plass ein skriftleg avtale på minst 10 år. Kommunen skal ha kopi av avtalen og kontrollere at den oppfyller krava i lova. I 2024 vil vi arbeide vidare med å gje kommunane lister over areal som truleg er ute av drift. Vi tilbyr fagleg hjelp på dette fagområdet og forventar at kommunane set av ressursar til oppfølging.

2.2 Landbruksrelatert nærings- og bygdeutvikling

Det er store variasjonar i kommunane sine ambisjonar på landbruksområdet. Dette er m.a. avhengig av kommunen sine eigne politiske ambisjonar og vedtak. Kommunen avgjer i stor grad sjølv kor aktive dei vil vere, men det er eit minstekrav at kommunen handsamar søknader og spørsmål innan næringsutvikling. Vi viser her [til forskrift for kommunens saksbehandling av søknader til Innovasjon Norge](#).

Kommunen sin innsats kan utgjere ein stor skilnad lokalt. Vi oppmodar kommunen om å ta initiativ til samhandling lokalt t.d. gjennom årlege møte med faglaga, opne fagmøte eller at det vert søkt om prosjektmidlar frå [fylkeskommunen](#). Utfordringar både innan landbruk, landbruksrelaterte næringar og klima krev samhandling, og her har kommunen eit ansvar. Statsforvaltaren er open for å kunne medverke på slike møte eller initiativ.

2.3 Veterinære tenester

Kommunen skal i følge dyrehelsepersonellova sørge for tilfredsstillande tilgang på veterinære tenester, inkludert veterinærvakt utanom vanleg arbeidstid. Dette er ei ordning der vakt-distrikta (vanlegvis fleire kommunar) får eit årleg tilskot til vakt utanom arbeidstid og eit mindre administrasjonstilskot for å organisere dette. Dette vert betalt ut til vertskommunen.

I tillegg kan kommunar søkje om stimuleringstilskot som skal medverke til stabil tilgang på veterinærtjenester på dagtid, innanfor ordinær arbeidstid. Nokre kommunar nyttar også eigne midlar inn i dei veterinære tenestene. Det må påreknast ein viss administrasjon for å sikre desse tenestene. Frå 2021 vart det innført ei prøveordning for stimuleringstilskotet til kommunar, der dei kunne stille krav til vakt-deltaking for at veterinærane kunne motta stimuleringstilskot. Denne ordninga er permanent frå tilskotsåret 2024.

Frist for å søkje om midlar er 23. februar. De skal samstundes rapportere om bruken av midlar førre år. Detaljar om ordninga er sendt i eige brev til kommunane. De finn meir om dette [på nettsida vår](#).

2.4 Tidlegpensjon for jordbrukarar

Ordning med [tidlegpensjon for jordbrukarar](#) gjeld for jordbrukarar som har fylt 62 år. Søknaden skal sendast direkte til Statsforvaltaren som fattar avgjerd. Kommunen bør ha kunnskap om ordninga slik at de kan gje informasjon til aktuelle søkjarar.

2.5 Tilskot ved produksjonssvikt – klimabetinga skade på avlingar

Kommunen mottok søknadene om [Tilskot ved produksjonssvikt på grunn av klimatiske årsaker](#), kontrollerer opplysningane og sender sakene vidare til Statsforvaltaren for avgjerd. Dette er ei oppgåve som varierer mykje frå år til år, men det er viktig at kommunen har nok kapasitet til å handsame denne ordninga når det oppstår klimabetinga skade.

2.6 Autorisasjonsbevis for bruk av plantevernmiddel og gnagarmiddel

For å kunne bruke plantevernmiddel og gnagarmiddel må brukar ha gjennomført kurs med bestått eksamen. Det er eitt kurs for kvar ordning med kvar sin eksamen. Her er det ei ansvarsdeling mellom kommunen, Statsforvaltaren og eksterne kurshaldarar (NLR og VGS Naturbruk). Dei som får autorisasjon skal registrerast av kommunen i ein nasjonal base og får utskrive bevis frå Mattilsynet. Arbeidsmengda med dette varierer frå år til år alt etter kor mange som må ha nytt bevis.

Nokre kommunar vert kontakta for å halde eksamen. Kommunar som held eksamen kan få godtgjort kr 68 per deltakar på planteverneksamen og kr 78 per deltakar på gnagarmiddeleksamen. Kommunen må sjølv sende rekning for dette til Statsforvaltaren i Vestland innan 1. desember.

Meir informasjon:

- [Instruks til kommune og statsforvalter om utøvelse av delegert myndighet etter plantevernmiddeforskriften](#)
- [Dokument for kommunen](#)
- [Info på nettsida vår](#)

2.7 Arbeid med vasskvalitet og vassrammedirektivet

Arbeidet med vasskvalitet er delt mellom kommunen, fylkeskommunen og Statsforvaltaren. Kommunen er lokal ureiningsstyresmakt, og på landbruksområdet skal kommunen sjekke om regelverket for til dømes silopressaft og husdyrgjødsel vert etterlevd. I arbeidet med oppfølging av vassrammedirektivet må dette arbeidet utvidast til også å sjå på belastninga frå andre ureiningskjelder, til dømes punktutslipp av hushaldningskloakk i spreiddbygde område. For å sikre god vasskvalitet, rår vi til at kommunen ikkje lagar lokale forskrifter med generell utsett spreiefrist for husdyrgjødsel.

Mange stader er det trong for auka innsats mot forureining frå jordbruk for å nå målet om god tilstand i alle landbrukspåverka vassførekomstar. I område der tiltaka ikkje har vore tilstrekkeleg, må kommunen innføre meir forpliktande krav. De finn meir informasjon om arbeidet med vasskvalitet i [vassforvaltingsplanar i Vestland vassregion](#).

2.8 Forskrift for godkjenning av landbruksvegar, dyrking og planering

Det finst eigne forskrifter med heimel i jordlova og skogbrukslova for bygging av landbruksvegar (oftast skogsvegar), for nydyrking og for bakkeplanering (forureiningslova). Det viktigaste omsynet i desse forskriftene er å vege landbruksinteressene mot andre viktige samfunnsinteresser, til dømes natur, kulturlandskap og forureining. Det er også krav om at tiltaket skal gjennomførast på ein landbruksfagleg god måte. Til desse avvegingane trengst det landbruksfagleg og skogfagleg

kunnskap. Vi viser til ordninga med fylkesdekkane skogsvegplanleggarar som skal vere tilgjengelege for alle.

Statsforvaltaren skal ha høve til å uttale seg i saker som gjeld bilveggar og kommunen skal sende desse på høyring til oss. Også traktorveggar kan sendast på høyring til oss dersom kommunen ynskjer fråsegn frå oss før dei fattar vedtak. Vi har ei eiga [temaside](#) om handsaming av landbruksveggar.

Bruk av overskotsmassar kan vere positivt både for vegbygging og forbetring av jordbruksareal. Kommunen så vel som tiltakshavar må følgje opp bruk av overskotsmassar tett både med løyve i forkant og kontroll undervegs. Nytteverdien av tiltaket for landbruket må vurderast både på kort og lang sikt. Tiltaket skal ikkje vere meir omfattande enn det som er nyttig for landbruket. Det må vere ein plan for kva kvalitet og mengder massar som skal nyttast, og kor lenge tiltaket skal halde på. Det bør vere tydelege avgrensingar i areal, volum, høgder og tid. Bruk av massar til bakkeplanering skal ikkje vere større massemtak. Arbeidet bør primært bli gjennomført i tørre periodar for å unngå unødvendig erosjon.

For jordbruksareal må det vere ein plan for korleis tiltakshavar skal byggje arealet for å sikre at resultatet vert eit godt jordbruksareal. For landbruksveggar bør kommunen vurdere kor store fyllingar, velte- og snuplassar som er nødvendig, og vegane skal ikkje lagast større enn det er behov for.

Det kan vere svært fordelaktig å byggje skogsveggar av sprengt fjell som er overskotsmasse frå andre byggeprosjekt. Slik kan mykje (og kostbar) grøftesprenging verte unngått og vegane får god drenering og sterkt berelag. Slike veggar vil ligge «høgt» i terrenget, men dei skal likevel ikkje liggje høgare enn om vegen vart bygd på same måte av masser frå lokalt massetak. Over myr skal det så langt det let seg gjere likevel brukast duk og geonett med tilstrekkeleg (inntil 50 cm) tjukt berelag av knust fjell oppå.

For skogsveggar er det også ofte aktuelt med «jordpåslag» av mindreverdige masser og avdekkingsjord på fyllingar og skråningar og dette kan vere eit motiv for at vegen vert bygd med store berelagsfyllingar. Ver observant på at jord kan innehalde frø frå svartelista artar som det er forbod mot å spreie.

Det er særst viktig at kommunen set grenser for kor mykje masse som kan brukast, slik at heller ikkje massepåslaget ber preg av å vere deponi . 0,5 – 1 m³ per kvadratmeter fylling bør vere meir enn tilstrekkeleg. Det må gå klart fram kvar massane kjem frå, slik at ein unngår at tiltaka endar opp som avfallsanlegg som tek imot massar frå fleire ulike aktørar over lang tid. Om tiltaket skal ta imot massar utanfrå, må kommunen på førehand godkjenne kvar ein kan ta imot massar frå og i kva mengder og kvalitetar. Komplette køyrelister med mengde og skildring av kva som er køyrd, også av kva som vert køyrd til godkjend deponi må kunne leggest fram. Då vert behovet for mottakskontroll og kompetanse hjå mottakar noko enklare og kommunen har betre kontroll med at det ikkje vert brukt forureina massar eller massar med framande skadelege artar i tiltak i landbruket.

I saker om nydyrking skal Statsforvaltaren ha høve til å uttale seg i saker som rører ved vesentlege natur- eller kulturverdiar.

Du finn meir informasjon på desse lenkene:

- [Landbruksveggar](#)
- [Nydyrking](#)
- [Bakkeplanering](#)

2.9 Jordvern

Matjord er ein ikkje fornybar ressurs og eit økosystem som leverer mange viktige tenester i tillegg til å vere eit substrat for matproduksjon. Berekraftsmåla forpliktar oss til å ta vare på grunnlaget for matproduksjon i Noreg. Det er kommunane som forvaltar jordbruksarealet i Noreg og som dermed har ansvar for å sikre at framtidige generasjonar har tilgang til nok areal med matjord.

FNs klimapanel har definert berekraftig forvaltning av landareal slik: «Bærekraftig arealforvaltning betyr forvaltning og bruk av arealressurser, inkludert jord, vann, dyr og planter, for å imøtekomme skiftende menneskelige behov, samtidig som man sikrer det langsiktige produktive potensialet til disse ressursene og opprettholder deres miljøfunksjoner (IPCC, 2019a).

Stortinget har vedteke mål om at det maksimalt skal omdisponerast 2000 dekar totalt i Noreg per år. Omrekna til Vestland fylke vil dette seie at det maksimalt kan omdisponerast 182 dekar per år ved «kvote» etter dekar jordbruksareal, eller 234 dekar per år ved «kvote» etter folketal. Dette viser at alle instansar må vere svært medvitne på om jordbruksareal vil gå tapt i planlagt arbeid og kva alternativ som finns for å unngå tap av jordbruksareal. Bygging av bustader og fritidsbustader er det som fører til størst tap av jordbruksareal, og det kan kommunane unngå gjennom god planlegging.

Kommunane sitt arbeid med plansaker og enkeltsaker etter jordlova er svært viktig. Arealbruken skal regulerast gjennom dei kommunale planane. Dispensasjonar skal kun nyttast i heilt særskilte høve og skal ikkje undergrave plangrunnlaget eller hensikta bak vedtak i plan. Ein kan heller ikkje vike frå vesentlege planforutsetningar.

For å forvalte jordressursane rett, trengs det god kunnskap om dei jordressursane som finst i kommunen; til dømes jordtype, jorddjupne, klimatiske soner, jordhelse, kva som har blitt bygd ned dei siste åra, kva som er planlagt nedbygd og kva alternative areal og løysingar som finst for utbygging m.m. Jordbruksareal som er små, innklemte eller som er lite nytta i dag, kan likevel ha stor verdi for samfunnet i eit utvida og lengre perspektiv.

Kommunen har fleire verkemiddel for å ta vare på jordressursane:

- Registrere kjerneområde landbruk
- Etablere omsynssoner
- Utarbeide temaplanar og strategiar
- Lage temakart
- Fastsette planbestemmelser
- Lage retningslinjer til plan
- Setje kommunalt jordvernmål

Jordflytting er ikkje eit verkemiddel i arealpolitikken, men ei naudløysing i dei tilfella der det ikkje er alternativ til utbygging.

Det er viktig at kommunen bruker sine eigne fagfolk på landbruk i samband med kommunale arealplanar. Kommunen skal rapportere det årlege omfanget av omdisponering via KOSTRA. Hjelpeskjema til bruk i løpande saksbehandling er sendt ut til alle kommunar. Å bruke dette gjer rapporteringa enklare og sikrar god kvalitet på rapporteringa.

3 Rapportering undervegs og omfordeling av midlar

Vi kjem i 2024 til å følgje med på forbruket undervegs i året. Det er ei klar forventning om at midlane skal kome i aktiv drift så snart som det er fagleg forsvarleg. Det kan vere aktuelt med omfordeling

mellom kommunar gjennom året dersom vi ser at midlane ikkje vert brukte i enkelte kommunar, medan andre har for lite midlar.

Vi har som tidlegare ei årsrapportering per 1. november for desse ordningane:

- SMIL
- Drenering
- Utvalde kulturlandskap i jordbruket
- Tiltak i beiteområde
- Skogkultur
- Skogsvegar

I samband med at vi ber Landbruksdirektoratet om ny årsramme treng vi informasjon om forbruk i 2024 og trong for midlar i 2025. Her treng vi informasjon om:

- Løyving per 1.11 i fagsystemet
- Løyving som vil bli gjort før 15.12 i fagsystemet
- Restmidlar 2024 som kan omfordelast til andre kommunar
- Trong for midlar i 2025

Statsforvaltaren vil sende ut nærare informasjon om rapporteringa i god tid i forkant av fristen.

4 Generelt om forvaltning av tilskotsordningane og ansvarsdelinga

4.1 Forvaltning av statlege tilskotsmidlar

Tilskotsordningane skal forvaltast i tråd med reglane i forskrift, jordbruksavtalen, og dei vilkåra og økonomiske rammene som Stortinget har fastsett. For alle forvaltningsorgan gjelder reglane i forvaltningslova.

Tildeling av tilskot skal forvaltast på ein effektiv måte og i tråd med regelverket for økonomistyring i staten. Regelverket har som formål å sikre effektiv forvaltning, og er sett saman av Reglement for økonomistyring og Bestemmelser om økonomistyring i staten. Kommunane er ikkje ein del av staten, men når dei forvaltar statlege midlar vil reglementet gjelde for den oppgåva dei utfører på vegne av staten. Sjølv om kommunen har ansvar for å utføre ei oppgåve, ligg instruksjonsmynde og ansvaret for gjennomføringa av budsjettvedtaket framleis hos departementet. Politisk- og administrativ leiing har derfor inga instruksjonsmynde, og har ikkje høve til å påverke den faglege utøvinga av forvaltninga i jordbruket.

Kommunane skal bruke Landbruksdirektoratet sine elektroniske fagsystem ved tilskotsforvaltninga. Systema er nettbaserte og krev to-faktor pålogging til Landbruksdirektoratet sine digitale tenester, [sjå rettleiing](#) på Landbruksdirektoratet sine nettsider.

4.2 Aktørar og ansvarsdeling

Forvaltningsoppgåvene av tilskotsordningane på landbruksområdet er delt mellom Landbruksdirektoratet, Statsforvaltar og kommunane. Stortinget har delegert mynde til å fatte vedtak om tilskot til kommunane gjennom jordlova og skogbrukslova. Landbruks- og matdepartementet har fastsett forskrifter for kvar enkelt tilskotsordning der det går fram kva mynde

som ligg til kommunen. Landbruks- og matdepartementet har instruksjonsmynde for korleis det delegerte mynde skal utøvast og korleis dei statlege midlane skal forvaltast. Dette gjeld også rett til å kontrollere at oppgåver og mynde vert utøvd som føreset.

Kommunane har ansvar for å

- informere og rettleie om regelverket og om søknadsprosessen
- sakshandsame søknader og fatte vedtak om tilskot
- etablere internkontroll med søknadshandsaming

Statsforvaltar har ansvar for å

- fordele og informere om rammer for midlane til kommunane
- rettleie kommunane om regelverk for tilskot og bruk av sakshandsamingssystemet
- gjennomføre kontroll med at kommunane utfører sine oppgåver på forsvarleg måte og i samsvar med etablert internkontroll
- vere klageinstans for vedtak fatta av kommunen.

Landbruksdirektoratet har ansvar for å

- administrere tilskotsordningane
- gje utfyllande rettleiing og instruksjonar om forvaltning av ordningane på nettsidene
- utbetale tilskot til mottakarane
- utvikle og drifte dei digitale tenestene som vert brukt ved forvaltning av tilskota
- føre rekneskap og rapportere til departementet
- gjennomføre evalueringar av tilskotsordningane

Landbruks- og matdepartementet har ansvar for å

- følge opp Stortinget sitt vedtak og vilkår i årlege tildelingsbrev til forvaltninga
- fastsette regelverk for tilskotsordningane
- rapportere årleg til Stortinget om resultat og måloppnåing for tilskotsordningane

5 Mål, rammer og føringar for kvar enkelt tilskotsordning

I tråd med Stortinget sitt vedtak får kommunane i Vestland med dette rammer og retningslinjer for forvaltning av tilskotsordningar på Landbruks- og matdepartementet sitt område for 2024, jf. [Prop. 1 S \(2023-2024\)](#), og [Prop. 121 S \(2022-2023\)](#), og Stortinget si handsaming av desse.

For tilskotsordningane der Statsforvaltaren tildeler tilskotsramme til kommunen, har Statsforvaltaren også høve til å omfordele udisponerte midlar mellom kommunane i løpet av året. Statsforvaltaren ber derfor om at kommunane fattar vedtak før 10. november. Det gjev Statsforvaltaren høve til å omfordele udisponerte midlar mellom kommunar, og grunnlag for innspel til budsjettet for 2025.

Under følger informasjonen om ordningane og rammene som kommunen skal nytte ved forvaltning og som grunnlag for vedtak, jf. pkt. 3.2.

5.1 Tilskot til avløyising ved sjukdom mv.

Mål og målgruppe

Formålet med tilskotet er å medverke til å dekke kostnadene til avløyning ved eigen, eller barns, sjukdom, svangerskap, fødsel, adopsjon eller omsorgsovertaking, og ved dødsfall. Kommunen kan gje tilskot til føretak som er registrert i Einingsregisteret og som driver vanlig jordbruksproduksjon. I tillegg kan kommune gje tilskot til attlevande ektefelle, sambuar, forelder eller barn etter avdød jordbrukar.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning ordninga.

Rammer for 2024

For tilskot til avløyning ved sjukdom mv. vert det betalt ut etter fastsette satsar dersom vilkåra er oppfylt. For denne ordning vert det ikkje fordelt noko budsjетtramme til kommunane. Kommunane fattar vedtak. Landbruksdirektoratet informere om budsjетtramma i Agros og skal sjå til at budsjettet ikkje vert overskrilde.

Fagsystem og tilgangar

- Om fagsystemet «Agros» – [sjå rettleiing til sakshandsamarar](#)
- Tilgang til fagsystemet – [sjå rettleiing om Agros og roller](#)

5.2 Produksjonstilskot og avløyartilskot i jordbruket

Mål og målgruppe

Formålet med tilskotet er å bidra til eit aktivt og berekraftig jordbruk innafor dei måla Stortinget har sett. Formålet med dei enkelte tilskotsordningane under produksjonstilskot, er omtalt i den årlege budsjетtproposisjonen Prop. 1 frå Landbruks- og matdepartementet. Det kan betalast ut tilskot til føretak som er registrert i Einingsregisteret og som driver vanlig jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedommar med dei dyreslag eller dei vekstgruppene det vert søkt tilskot for, slik desse gruppene til ei kvar tid er definert i jordbruksavtalen.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av ordninga

Rammer for 2024

For produksjons- og avløyartilskot vert det ikkje fordelt ei konkrete budsjетtramme. Satsane vert fastsett av Landbruks- og matdepartementet ut frå tal søkarar som fyller vilkåra, slik at budsjетtramma for ordninga ikkje vert overskrilde.

Fagsystem og tilgangar

Sjå [kapittel 3 i rundskrivet om forvaltningsansvar og sakshandsaming](#) for nærare informasjon om fagsystemet «eStil PT».

5.3 Tilskot til tettare planting, gjødsling og ungsskogpleie som klimatiltak

Mål og målgruppe for ordninga

Formålet med ordninga er å legge til rette for tiltak som kan ta vare på eller auke karbonlageret i skogen. Kommunen kan gje tilskot etter ordninga til alle skogeigarar som har meir enn 10 dekar produktiv skog.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av tilskot til tettare planting

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av tilskot til gjødsling av skog som klimatiltak

Rammer for 2024

Tilskotet vert løyvd og utbetalt etter fastsette satsar dersom vilkåra er oppfylte. For disse ordningane vert det ikkje fordelt budsjetttramme til kommunen. Kommunane fattar vedtak.

Landbruksdirektoratet kan justere satsane gjennom året for å unngå at budsjettet vert overskride.

Fagsystem og tilgangar: fagsystemet ØKS.

5.4 Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Mål og målgruppe for ordningane

Formålet med tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er at det ut frå regionale og lokale prioriteringar blir stimulert til auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen blir ivarettatt og vidareutvikla.

Kommunen kan gje tilskot til alle skogeigarar som har meir enn 10 daa produktiv skog. Ved samarbeid mellom fleire eigedommar kan kommunen gjere unntak frå grensa på 10 daa.

Økonomisk ramme for 2024: sjå vedlagt oversikt

Fagsystem og tilgangar: fagsystemet ØKS.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av tilskot til skogkulturtiltak

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av tilskot til bygging av veg

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av tilskot til miljøtiltak i skog

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av tilskot til drift med taubane, hest o.a.

5.5 Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

Mål og målgruppe for ordninga

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er å fremme natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og å redusere forureining frå jordbruket, utover det som vert forventta gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsettingar og strategiar.

Kommunen kan gje tilskot til føretak som oppfyller vilkåra for produksjonstilskot og avløyartilskot i jordbruket. Kommunen kan også gje tilskot til eigarar av landbrukseigedommar dersom det er ein produksjon på landbrukseigedommen som fyller vilkåra for produksjonstilskot og avløyartilskot i jordbruket.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av ordninga.

Rammer for 2024: sjå vedlagt oversikt

Fagsystem og tilgangar

Om fagsystemet – [sjå rettleiar til sakshandsamarar](#)

Tilgang til fagsystemet – [sjå rettleiing til sakshandsamarar om Agros og roller](#)

5.6 Tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket

Mål og målgruppe for ordning

Formålet med tilskotet er å bidra til å ivareta jordbruket sitt kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturmiljø og -minne, tilgjenge i jordbrukslandskapet, og redusere bruk av plantevernmidlar og utslepp til luft og avrenning til vann frå jordbruket.

Det kan utbetalast tilskot til:

- Føretak som har gjennomført tiltak på areal som dei disponerer i søknadsåret. Føretaket må drive vanlig jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedommar, og må vere registrert i Einingsregisteret.
- Beitelag kan søke tilskot for drift. Med beitelag er meint samanslutningar som er registrert som samvirkeføretak eller foreining i Einingsregisteret, og som har til hovudformål å samarbeide om felleløysingar innan beitebruk og god utnytting av utmarksbeite.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av ordning

Sjå [Statsforvaltaren i Vestland si rettleiing](#) om ordninga for Vestland.

Rammer for 2024

For regionale miljøtiltak i jordbruket vert det ikkje fordelt ei konkret budsjettramme.

Statsforvaltaren fastset førebelse satsar for kvart enkelt tiltak. Kommunen gjer ei førebels handsaming av søknadene. Statsforvaltaren fastset endelege satsar for det enkelte tiltaket basert på prognoser på forbruk frå søknadsomgangen, for å sikre at tildelinga til fylket ikkje vert overskride. Kommunen fattar vedtak om utbetaling når endelege satsar er fastsette.

Fagsystem og tilgangar

Om fagsystemet «eStil RMP» - [sjå i rundskrivet kapittel 3](#).

5.7 Tilskot til drenering av jordbruksjord

Mål og målgruppe for ordninga

Formålet med tilskotet er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord ved å gje tilskot til drenering av dårleg drenert jord med potensiale for auka jordbruksproduksjon, og å redusere faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag.

Kommunen kan gje tilskot til eigarar av eller føretak som leiger tidlegare grøfta jordbruksareal og som drenerer dette arealet. For planerte areal kan kommunen gje tilskot til areal som ikkje tidlegare er grøfta.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av ordninga

Rammer for 2024

Sjå vedlagte oversikt.

Korn-, potet- og grønsaksareal er prioritert ved fordeling av midlane, m.a. av omsyn til vassmiljøutfordringar.

Fagsystem og tilgangar

Om fagsystemet «Agros» – [sjå rettleiing til sakshandsamarar](#)

Tilgang til fagsystemet – [sjå rettleiing om Agros og roller](#)

5.8 Tilskot til tiltak i beiteområde

Mål og målgruppe for ordninga

Formålet med tilskotet er å legge til rette for betre nytte av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og å fremme fellestiltak i beiteområda.

Kommunen kan gje tilskot til lag eller foreiningar (beitelag, grunneigarlag, radiobjøllelag) som er registrert i einingsregisteret, som driver næringsmessig beitedrift og som set i verk investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde.

Tilsvarande gjelder for føretak som oppfyller vilkåra for produksjonstilskot etter § 2 i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket der det ut frå naturgitte eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid. Stat, fylke eller kommune kan ikkje få tilskot med mindre det vert søkt gjennom eit lag/foreining der også ein eller fleire tilskotsberettiga eigedommar er med .

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av ordninga.

Rammer for 2024

Sjå vedlagte oversikt.

Fagsystem og tilgangar

Om fagsystemet «Agros» – [sjå rettleiing til sakshandsamarar](#)

Tilgang til fagsystemet – [sjå rettleiing om Agros og roller](#)

5.9 Tilskot til Utvalde kulturlandskap i jordbruket, Vestnorsk fjordlandskap

Mål og målgruppe for ordninga

Formålet med tilskot til tiltak i verdsarvområda er å styrke landbruket i verdsarvområda.

Formålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å bidra til å sikre verdier knytt til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift.

Tilskota gjeld for tiltak innan Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyen, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Circumferensen, slik disse områda er avgrensa i Miljødirektoratet sin Naturbase.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av ordningane.

Rammer for 2024

Sjå vedlagt oversikt.

Fagsystem og tilgangar

Om fagsystemet «Agros» – [sjå rettleiing til sakshandsamarar](#)

Tilgang til fagsystemet – [sjå rettleiing om Agros og roller](#)

6 Oppfølging og kontroll

6.1 Internkontroll hos kommunen som tilskotsforvaltar

For å sikre ei god sakshandsaming og at landbruksføretaka får utbetalt riktig tilskot, skal kommunen ha eit system med rutinar og tiltak som har som mål å førebygge, avdekke og korrigere feil og manglar¹. Det er viktig å kunne vise for omverda at kommunen jobbar systematisk med tilskotsforvaltninga. Samt å vise korleis kommunen jobbar. Det er eit mål at eventuelle feil i søknader vert oppdaga og korrigert så tidleg som mogleg, og før utbetaling.

Tiltaka skal bidra til å sikre korrekt:

- registrering av faste data

¹ Reglementet for økonomistyring i staten kapittel 6.3.8.1 og kapittel 2.4

- sakshandsaming, inkludert dokumentasjon for fastsetting av sum tilskot
- registrering av vedtak om tilskot
- utbetaling av tilskot til rett mottakar til rett tid
- registrering i rekneskapen
- handsaming av dokumentasjon frå dei som mottek tilskot

Når kommunen si forvaltninga av tilskota skjer i samarbeid med Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet, vil dei ulike oppgåvene til saman sikre korrekt sakshandsaming. I dei fleste ordningane vil kommunane først og fremst ha ansvar for å sjå til at grunnlaget for søknadene er korrekte: stemmer kart og produksjon/miljøverdiar, og er dokumentasjonen god nok til å fatte vedtak? Kommunen gjer den innleiande sakshandsaminga, registrerer vedtak og samlar inn dokumentasjon frå tilskotsmottakar. Dei andre oppgåvene vert normalt gjort av ein av dei to andre forvaltningseiningane. Forvaltninga må difor sjå dei ulike tiltaka i samanheng.

6.2 *Krav til kontroll med vedtak og utbetaling*

Det er krav til kontroll med vedtak og utbetalingar av tilskot. I økonomireglementet er kontrollane omtalt som «transaksjonskontrollar». Tilsette med ulike roller og fullmakter skal stadfeste at kontrollane er utført.

Kontrollane skal m.a. sikre at tilskot vert handsama i tråd med gjeldande lover og reglar. Kommunen må derfor etablere system og rutinar som sikrar at oppgåvene blir gjort. Krava i økonomiregelverket sidestiller maskinelle kontroller av utgifter med manuelle, dersom økonomisystemet har funksjonalitet til det. Det er særleg to av transaksjonskontrollane som er relevant for kommunane. Disse er omtalt nedafor.

6.2.1 *Krav til kontroll med vedtak - budsjettdisponeringsmynde*

Kommunen gjer vedtak om tilskot. I slike tilfelle der kommunen har mynde til å fatte vedtak på vegne av staten, følgjer det også krav til kontroll med den økonomiske forpliktinga som tilskotsvedtaket vil innebere. I økonomiregelverket er dette omtalt som budsjettdisponeringsmynde.

Kommunen sitt vedtak om tilskot skal vere godkjent av ein tilsett som har budsjettdisponeringsmynde. Tildeling av budsjettdisponeringsmynde til den tilsette må vere skriftleg.

Kommunen skal ha rutinar for oppfølging av delegert budsjettdisponeringsmynde. Kommunen må ha rutinar som sikrar at roller og tilgangar vert endra når tilsette sluttar eller går over i andre stillingar. Mynde til å disponere budsjettet (her tilskotsramme) følgjer den tilsette, ikkje ei stilling. Kommunen må ha tiltak som sikrar at sakshandsamar har kjennskap til regelverk og rammer for sakshandsaminga.

Før ein tilsett med budsjettdisponeringsmynde kan fatte endeleg vedtak, set *Reglementet for økonomistyring i staten*² krav om at vedkomande skal:

- a) Sjå til at det er heimel for disposisjonen i stortingsvedtak, tildelingsbrev eller andre vedtak og at disposisjonen elles er i samsvar med gjeldande lover og reglar
- b) Sjå til at det er budsjettmessig dekning for utbetalinga
- c) Sjå til at disposisjonen er økonomisk forsvarleg

² Reglement for økonomistyring i staten kapittel 2.5.2.1

I praksis vil det å skulle sjå til at det er heimel for disposisjonen etter a), være å sjå til at vedtaket er i samsvar med 1) regelverket for tilskotet, 2) dette brevet og 3) rundskriv på Landbruksdirektoratet sine nettsider. NB: regelverk, tildelingar og rundskriv kan endra seg årleg.

Informasjon om budsjettmessig dekning for tilskotet er omtala under dei økonomiske rammene framme i dette brevet. For mange ordningar er det Landbruksdirektoratet som utbetalar som ser til at det er budsjettmessig dekning at disposisjonen er økonomisk forsvarleg.

Kommunen må ha rutinar som sikrar at disse oppgåvene blir gjort.

6.2.2 Krav til kontroll ved utbetaling - attestasjon

Alle tilskot må være attestert³ før det kan skje ei utbetaling. Den som attesterer, skal kontrollere at utbetalingsforslaget stemmer med vedtaket om tilskot (tilskotsbrevet), og at tilskotsmottakaren har sendt inn nødvendig dokumentasjon når det er stilt vilkår om dette.

For tilskot til Regionale miljøtiltak i jordbruket og Produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket skjer attestasjon maskinelt i dei elektroniske fagsystema før Landbruksdirektoratet utbetalar.

6.2.3 Arbeidsdeling

Det er stilt få krav til arbeidsdeling utover at den skal være forsvarleg – som følger av kravet til internkontroll. Minimumskrava i økonomireglementet er krav til gjennomføring av kontrolloppgåvene:

- Den som har budsjettdisponeringsmynde kan ikkje godkjenne godtgjering eller andre utbetalingar til seg sjølv.
- Registrering og endring av opplysningar om betalingsmottakarar skal gjerast av andre enn den som utøver budsjettdisponeringa.
- Attestasjonen skal gjerast av ein annan enn den som har budsjettdisponeringsmynde og har stadfesta disposisjonen.
- Den som attesterer, kan ikkje attestere utbetalingar til seg sjølv.

6.2.4 Krav til dokumentasjon

Kommunen skal kontrollere informasjon/dokumentasjon som søker sender inn og som har betydning for tilskotet. Gjennomførte kontrolltiltak skal kunne dokumenterast – i praksis ofte i fagsystemet.

Stadfesting av utøvd budsjettdisponering skal komme fram av tilskotsbrevet. I praksis vil kravet være ivaretatt i dei elektroniske fagsystema.

Stadfesting på utøvd attestasjonskontroll vil komme fram av det elektroniske fagsystemet.

6.3 Kontroll av informasjon frå tilskotsmottakar

Kommunen skal kontrollere informasjonen som mottakaren sender inn og som har betydning for søknadshandsaminga. Kommunen skal vidare kontrollere eventuelle rapporter som tilskotsmottakaren seinare sender inn om gjennomføring av tiltaket. Gjennomførte kontrolltiltak skal vere dokumentert på ein tilfredsstillande måte.

³ Reglement for økonomistyring i staten kapittel 6.3, og kapittel 2.5.2.2

Kontrollen skal tilpassast den enkelte tilskotsordninga og målet med den. Kontrollen skal ha eit rimeleg omfang i forhold til nytten og kostnaden ved kontrollen.

Kommunen skal kartlegge både risiko for at det oppstår feil på grunn av problem med forståing av tilskotsvilkåra og risiko for brot på regleverket. Ut frå vurderinga av det samla risikonivået og kva som er dei vesentlege risikomomenta, skal kommunen fastsette kva kontrollpunkt som er mest aktuelle, og kven som skal foreta kontrollen.

6.4 Tildeling og kontroll med tilgangar til fagsystema

Landbruksdirektoratet sitt elektroniske fagsystem har tilgangskontrollar som sikrar uautoriserte endringa av funksjonar og data, tilgangar, utlevering av sensitiv informasjon eller øydelegging av data. Tilgangskontrollane er basert på at alle som brukar systemet har ein personleg identifikasjon og rett på tilgang som er tilpassa oppgåvene til kvar enkelt brukar.

Det vert berre gitt tilgangar til dei som treng det for å gjere konkrete oppgåver som er lagt til deira stilling. Statsforvaltaren administrerer og gir tilgangar. I fagsystema vert det brukt tildeling av roller som modell for å styre kva oppgåver sakshandsamar kan gjere i systemet.

Kommunen skal sende ei skriftleg oppmoding til Statsforvaltaren og be om tilgangar for sine tilsette som har behov til tilgang til fagsystemet. Ved endringar, t.d. når nokon sluttar, endrar ansvarsområde, går ut i permisjon osv., må kommunen straks melde frå om dette til Statsforvaltaren.

Kommunen har ei viktig oppgåve med å kontrollere og følge opp tilgangane som er gitt til tilsette i kommunane. Sjå nærare under kapittel 2 om kva fagsystem som er aktuelt for dei ulike ordningane.

6.5 Rapportering om svakheit og brot på sikkerheit

Kommunen skal rapportere hendingar og svakheit som gjeld til Landbruksdirektoratet sine elektroniske fagsystem til adressa sikkerhet@ldir.no.

Sikkerheitshendingar kan variere frå bevisst eller utilsikta tilgang til systemet, utlevering av sensitive data, manipulasjon av informasjon eller øydelegging av data. Ein svakheit ved systemet er ein eigenskap som gjer det sårbart og som kan utnyttast enten ved uhell, av personar som ikkje har til hensikt å forårsake skade, og av personar med vonde hensikter.

Kommunane som brukar sakshandsamingssystemet, har ansvar for å utarbeide eigne rutinar som er tilpassa dei oppgåvene dei har ansvar for. Det gjelder m.a. tilgangskontroll, handsaming av personopplysningar, konfidensialitet og tausheitsplikt og melding om brot på personopplysningssikkerheit.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Bjørn Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør